

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 32/23. Val av revisor for fjellstyret

#### **Saksopplysning/vurdering**

Fjellstyret sin revisor dei siste åra, Gunn Irene Bruheim Sviggum i firmaet Deloitte, har gjennom rekneskapskontoret gjeve melding om at ho må avslutta revisjonsoppdraget for fjellstyret, som følgje av nedskjering i kundeportefølgjen. Eg har svart at fjellstyret innrettar seg etter dette, og at me er innstilte på å engasjera ny revisor, for å oppfylle krava til revisjon som vert stilte av Statskog SF.

Desse krava til revisjon er for tida under vurdering av Statskog og Fjellstyresambandet. I eit rundskriv frå 2003 står det at fjellstyre med omsetnad over kr 100.000 må ha rekneskapskontoret revidert av registrert revisor eller av kommunerevisjonen. Ei orientering fjellstyresambandet har kome med no i haust tyder på at denne grensa vil bli heva ein del. I tillegg vert kravet om revisjon truleg fjerna for fjellstyre som sluttar seg til eit felles rekneskapsopplegg som no er på trappene, med planlagt oppstart 1.1.24. Mykje tyder likevel på at Aurland fjellstyre framleis vil vera underlagt krav om revisjon, med den omsetnaden fjellstyret har, og så lenge lokalt rekneskapskontor fører rekneskapskapen.

Etter tips om at det finst eit lokalt revisjonsfirma, tok eg kontakt med Steinar Arild Loven, som har føretaket Blåberg AS, og bad om eit tilbod på revisjon. Han har gjeve eit tilbod som lyder på kr 14.000 per år. Dette tilbodet ligg ved. Til samanlikning var honorar til revisor i 2022-rekneskapskapen kostnadsført med kr 18.760.

#### **Framlegg til vedtak:**

Steinar Arild Loven, Båberg AS, vert engasjert som Aurland fjellstyre sin revisor, på grunnlag av tilbodet han gav fjellstyret den 22.9.23.

Fjellstyrekontoret, den 16.11.23

Harald Skjerdal

Hei igjen!

Takk for forespørsel om revisjonsoppdrag.

Tilbud om regnskapsrevisjon av Aurland Fjellstyre:

**Blåberg AS kan revidere Aurland Fjellstyre for kr 14 000.- pr år.**

Mvh

Steinar Arild Loven

Statsautorisert revisor

**BLÅBERG AS**

Org/rev.nr 926 419 757 mva

Tlf. 90985813

Medlem i Den norske Revisorforening

[www.revisor-loven.no](http://www.revisor-loven.no)

**From:** Aurland Fjellstyre <[aurland@fjellstyrene.no](mailto:aurland@fjellstyrene.no)>

**Sent:** Thursday, September 21, 2023 2:14 PM

**To:** Steinar Loven <[blaberg@revisor-loven.no](mailto:blaberg@revisor-loven.no)>

**Subject:** Fjellstyrerekneskapen for 2022

Hei,

Sender 2022-rekneskapen som avtalt.

Helsing

**Harald Skjerdal**

*Dagleg leiar* | + 47 47874374